BARNEOMBODET

RETTIGHEITS-PLAKATEN

Rettigheiter som gjeld for alle barn mellom 0 og 18 år

• Sjølv om foreldra dine bestem over deg til du er vaksen så har du rett til privatliv. Det betyr at foreldre og andre vaksne ikkje skal snoka i tinga dine. Viss foreldra dine har ein god grunn å tru at noko er gale eller skadeleg, kan dei likevel sjekka tinga dine.

• Du skal ikkje bli diskriminert. Det betyr at ingen skal utsetje deg for anleis eller urettferdig behandling fordi du er den du er.

• Du har rett til nødvendig helsehjelp.

• Du har rett til omsorg og omtanke frå foreldra dine.

• Foreldra dine har rett og plikt til å ta avgjerder på dine vegner.

• Foreldra dine skal la deg bestemme meir etter kvart som du blir eldre.

• Du har rett til jamleg kontakt med begge foreldra dine, sjølv om dei bur kvar for seg.

• Når du er i stand til å ha eigne meiningar, skal du få informasjon og høve til å uttale deg. Meininga di skal ha vekt etter kor gammal du er og kor moden du er.

• Ingen har lov til å slå deg, misbruka deg, eller gjera deg vondt på nokon måte, verken med kroppen din eller kjenslene dine. Det gjeld både foreldre og andre vaksne, og andre barn og unge.

• Du har rett til eit røykfritt miljø.

• Du har rett til hjelp frå barnevernet dersom du har det vanskeleg, eller dersom foreldra dine ikkje gir deg god nok omsorg.

• Er du på sjukehus, har du rett til å ha minst ein av foreldra dine hos deg heile tida. Du har også rett til opplæring og aktivitetar på sjukehuset.

• Når du er sjuk, har foreldra dine rett til å vere heime frå jobben i eit avgrensa tal dagar, til og med det året du fyller 12 år. Dersom du har ein svært alvorleg skade eller sjukdom, er grensa 18 år.

• Du kan sjå filmar som er tillatne for alle.

• Du har rett til å ha ei fritid som du kan bruka til kva du vil. Du skal òg få kvila deg, og ha tid til å leika.

Rettigheiter ut frå alder

1 år

Du har rett til barnehageplass

6 år

• Du kan sjå filmar med aldersgrense 6 år. Du kan også sjå filmar med aldersgrense 9 år saman med ein vaksen.

• Du har rett til å gå på skulen.

• Du har rett til spesialundervisning dersom du ikkje lærer det du skal på skulen.

• Du har rett til å medverke i skulen.

Du har rett til å ha det trygt og godt på skulen. Skulen skal stoppe mobbing og plaging.

7 år

• Du skal få uttale deg i saker som handler om deg. Dette kan til dømes vere i kontakten med barnevernet, eller om kor du skal bu eller vere i ferier hvis foreldra dine er skilt.

15 år

• Du er over den kriminelle lågalderen. Dersom du bryt lova kan du bli straffa med bot, fengsel, samfunnsstraff eller ungdomsstraff.

• Du kan varetektsfengslast mens du ventar på rettssak, men berre når det er «tvingande nødvendig».

• Du kan ta lønna arbeid, men arbeidet skal ikkje vere til skade for skulegangen, tryggleiken, helsa eller utviklinga di.

• Du har rett til å bestemme over pengar du har tent sjølv. Foreldra dine kan berre setje grenser dersom fylkesmannen er einig.

• Du kan velje utdanning sjølv, og du har rett til ein plass i vidaregåande skule etter at du er ferdig med ungdomsskulen.

• Du har rett til å melde deg inn og ut av foreiningar og trussamfunn (f.eks kyrkja).

• Du kan bli part i barnevernssaker. Du har då rett til å sjå papira som barnevernet har i saka di, og du får advokat dersom saka din skal opp i fylkesnemnda. I nokre saker kan du bli part også når du er under 15 år.

• Du kan gå aleine på kino med aldersgrense 15 år.

Etter å ha gjennomført trafikalt grunnkurs kan du øvingskøyre på lett motorsykkel, moped, snøscooter og traktor på bestemde vilkår.

• Du kan sjølv klaga på standpunktkarakterar, spesialundervisning og skulemiljøet.

• Du avgjer sjølv om du skal ha spesialundervisning eller ikkje.

• Du har rett til å søkje lån og stipend til vidaregåande opplæring.

17 år

Du kan ta seglflysertifikat, privatflysertifikat og helikoptersertifikat og fly heilt aleine.

9 år

• Du kan sjå filmar med aldersgrense 9 år. Du kan også sjå filmar med aldersgrense 12 år saman med ein vaksen.

Frå og med femte trinn kan du bli valt inn i elevrådet på skulen, men du kan foreslå saker for elevrådet heilt frå første trinn.

12 år

• Vaksne skal leggja stor vekt på det du meiner i saker som handlar om deg, og foreldra dine skal leggja stor vekt på kva du meiner når dei skal avgjera kvar du skal bu.

• Du kan ikkje adopterast utan å ville det sjølv.

• Du kan nekte å skifte etternamn sjølv om ein av foreldra dine gjer det.

Når du er sjuk, har foreldra dine rett til å vere heime frå jobb i eit avgrensa tal dagar, til og med det året du fyller 12.

• Dersom du vil skifte etternamn, må foreldra dine vere einige i det, og søkje for deg.

• Du kan sjå filmar med aldersgrense 15 år saman med ein vaksen.

• Når du er mellom 12 og 16 år skal ikkje foreldra dine få helseopplysingar om deg hvis du har gode grunnar som bør respekterast.

• Du har rett til å seie meininga di i alle spørsmål som handlar om di eiga helse.

No kan du gjere kva?

13 år

• Du kan ta arbeid som for eksempel barnevakt, avisbod eller jordbærplukkar. Arbeidet må vere enkelt, og det må ikkje gå ut over skulegangen eller helsa di.

Du slepp å betale skatt så lenge du tener mindre enn fribeløpet.

14 år

• Du kan delta på småviltjakt med våpen dersom du er saman med ein over 20 år. Denne personen må ha nødvendig erfaring, og foreldra dine må gi deg lov.

Du kan ta båtførarprøven. Det er spesielle reglar for kor stor båt du kan køyre.

16 år

• Du kan køyre ståhjulingar, som til dømes ClassyWalk eller Hoverboard. Før du er 16 år kan du kun bruka desse dersom dei ikkje kan gå fortare enn 6 km/t

• Du har rett til å nekte foreldra dine å vite at du har vore hos lege så lenge ikkje legen meiner at det er heilt nødvendig at dei er informerte for å kunne ta vare på deg.

• Du kan øvingskøyre bil dersom du har gjennomført trafikalt grunnkurs. Den som køyrer med deg må ha fylt 25 år og hatt førarkort samanhengande i over fem år.

• Du kan ta jegerprøven.

Du kan begynne med fallskjermhopping, henggliding eller paragliding dersom foreldra dine tillèt det.

JA

NEI

• Du er over den seksuelle lågalderen.

• Du kan ta mopedførarkort og førarprøven for lett motorsykkel, snøscooter og traktor dersom du har gjennomført trafikalt grunnkurs og anna obligatorisk opplæring.

Du kan sjølv søkja om å endra juridisk kjønn.

• Du kan køyre traktor som ikkje går fortare enn 40 km/t. Til dette treng du ikkje førarkort, så lenge du ikkje køyrer på offentleg veg.

• Du kan køyre inntil 15 meter lange båtar. Er båten lenger enn åtte meter, eller med ei motorkraft på meir enn 25 hestekrefter, må du ha bestått båtførarprøven.

• Etter at du har tatt jegerprøven kan du gå på småviltjakt aleine, og på storviltjakt under oppsyn av ein vaksen. Foreldra dine må gje deg lov til dette.

• Dersom du blir gravid, kan du bestemme deg for å ta abort. Før du er 16 kan du også få tatt abort, men då skal foreldra dine vanlegvis seie meininga si. Dersom dei seier nei, avgjer fylkesmannen søknaden.

18 år

• Du er myndig og kan bestemme over deg sjølv.

• Du bestemmer sjølv i personlege og økonomiske saker.

• Dersom du er adoptert, har du rett til å vite kven dei biologiske foreldra dine er, dersom dette er kjent for myndigheitene.

Du har stemmerett ved val.

• Du kan kjøpe jaktvåpen og gå på storviltjakt aleine.

• Du kan kjøpe tobakksprodukt, vin og øl, men ikkje sprit.

• Du kan ta førarkort for bil og mellomtung motorsykkel så lenge du har gjennomført trafikalt grunnkurs og anna obligatorisk opplæring.

www.barneombodet.no

V3